

# **INSTRUKS FOR ADMINISTRERANDE DIREKTØR I HELSE VEST RHF**

## **1. Formål med instruks**

Denne instruks omhandlar rammene for administrerande direktør sitt arbeid og definerer ansvar, oppgåver, plikter og rettigheter. Instruks byggjer på lova om helseføretak og vedtektene for Helse Vest RHF.

## **2. Overordna rolleavklaring**

Styret fastset strategiar og rammer for Helse Vest RHF. Administrerande direktør si rolle er å utvikle og iverksetje strategiar og handlingsplanar på lang og kort sikt i samsvar med styret sine beslutningar og instruksar, samt å følgje desse opp, jf. § 37 i helseføretakslova.

Styret tilset administrerande direktør og fastset lønn og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føre tilsyn med administrerande direktør sitt arbeid og kan fastsetje instruks for denne, jf. § 29 i helseføretakslova. Styret gjer vedtak om å seie opp eller avskjedige administrerande direktør, jf. § 36 i helseføretakslova.

Administrerande direktør deltek på styremøta med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerande direktør har tale- og forslagsrett i styremøta og kan krevje at styret vert samankalla i møte, jf. §26 i helseføretakslova.

## **3. Administrerande direktør si myndigheit**

Administrerande direktør utøver den daglege leiinga av Helse Vest RHF og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Administrerande direktør i Helse Vest RHF skal også føre løpande tilsyn med helseføretak som Helse Vest RHF eig og sjå til at verksemda der er i samsvar med vedtekter og vedtak gjort i føretaksmøtet og styret.

Administrerande direktør har, som ledd i oppfølginga mellom Helse Vest RHF og det enkelte helseføretak, rett og plikt til innsyn i det enkelte helseføretak med tilhøyrande administrasjon.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i føretaket er av uvanleg art eller av stor betydning. Administrerande direktør pliktar å føreleggja slike saker for styret. Dersom det vil medføre vesentleg ulempe for føretaket si verksemd å avvende vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjere slike saker. Styret må i slike tilfelle bli underretta om saka snarast råd.

Den nærmare avgrensinga av myndigheita til administrerande direktør i forhold til styret, kan styret, om det er ønskeleg, fastsetje i eigen fullmaktsmatrise.

Administrerande direktør representerer føretaket utad i saker som fell inn under hans myndigheit, jf. helseføretakslova § 39. Dette inneber at dagleg leiar representerer føretaket utad i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.

## **4. Administrerende direktør sine oppgaver**

### **4.1. Overordna føringar**

Administrerende direktør skal arbeide for at Helse Vest RHF utfører sine hovudoppgåver i samsvar med vedtektene § 6, føretaksprotokollar, oppdragsdokument og overordna føretaksplan for Helse Vest. Administrerende direktør skal vidare i samsvar med måla nedfelt i overordna føretaksplan aktivt bidra til å sikre vidareutvikling av helsefagleg innhald og kvalitet i Helse Vest RHF og helseføretak eigd av Helse Vest RHF.

### **4.2. Hovudoppgåver**

Administrerende direktør sine hovudoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Helse Vest RHF, jf. helseføretakslova § 37. Innafor denne rolla ligg både oppgåver og ansvar knytt opp mot det overordna «sørgje for-ansvaret» ovafor befolkninga i regionen og rolla som konsernleiar i føretaksgruppa. Nedanfor er ei oversikt over hovudoppgåver som inngår i ansvaret til administrerende direktør:

#### *4.2.1. Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering*

Administrerende direktør skal innan rammene fastsett av styret, sørgje for at det for føretaksgruppa vert gjennomført felles langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering.

#### *4.2.2. Rekneskap*

Administrerende direktør skal sørgje for at føretaket si registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på betryggande måte, jf. helseføretakslova § 37, siste ledd.

#### *4.2.3. Rapportering.*

##### a) Informasjon til styret:

Administrerende direktør har plikt til å informere styret om føretaket si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerende direktør gi styret skriftleg rapport om situasjonen i Helse Vest RHF og helseføretak eigd av Helse Vest RHF, jf. § 38 i helseføretakslova. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold, herunder eit spesielt fokus på helsefagleg kvalitet og innhald samt effektivitet.

På kvart styremøte skal det orienterast om selskapet sin økonomiske og driftsmessige situasjon. Styret har til eikvar tid rett til å krevje at administrerende direktør gir styret informasjon både av generell art og i saker av særskilt interesse. Tilsvarande har administrerende direktør ansvar for å halde styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt, jf. punkt 3.

##### b) Årleg melding til departementet

Administrerende direktør skal utarbeide forslag til årleg melding til departementet som styret i Helse Vest RHF pliktar å levere til departementet i samsvar med helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15.

### c) Årsmelding og årsrekneskap

Administrerende direktør skal utarbeide forslag til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerende direktør har ansvar for at årsmelding og årsrekneskap blir sendt føretaksregisteret.

## **4.3 Saksførebuing**

### 4.3.1. Styremøter

Styreleiar har det formelle ansvaret for styrebehandlninga av sakene. Saksliste vert sett opp av styreleiar i samråd med administrerende direktør. Administrerende direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiar. Administrerende direktør føretek innkalling til styremøta i samråd med styreleiar.

Styreprotokollen skal førast i tråd med offentlegheitslova og krava til meiroffentlegheit.

## **4.4. Føretaksmøtet**

Administrerende direktør pliktar å møte i føretaksmøtet i Helse Vest RHF og føretaksmøta i helseføretaka og har rett til å uttale seg i møta. Ved lovleg forfall møter stedfortredar.

## **4.5. Leiarfora**

Administrerende direktør har ansvar for at det vert etablert fora for samarbeid og utvikling i føretaksgruppa i Helse Vest med spesielt fokus på samhandling og samordning.

Administrerende direktør har eit overordna ansvar for at det vert etablert og drive gode leiarutviklingsprosessar innafør føretaksgruppa.

Administrerende direktør skal ha ei regional leiargruppe i Helse Vest samansett av leiarane for verksemdene og leiargruppe innan eigen administrasjon i Helse Vest RHF.

## **4.6. Samarbeid med andre**

Administrerende direktør skal aktivt tilrettelegge for samarbeid i regionen, slik at ein totalt sett oppnår ein føremålstenleg og rasjonell ressursutnyttelse. Administrerende direktør skal også bidra til samarbeid med andre regionale helseføretak og helseføretak eigd av desse, når dette er eigna til å fremje formålet til Helse Vest RHF og å nå nasjonale helsepolitiske målsettingar.

Administrerende direktør skal innan ramma for «sørgje for-ansvaret» tilrettelegge for samarbeid med private aktørar, når dette medverkar til å fremje Helse Vest RHF sine formål og i eit heilheitleg perspektiv medverkar til hensiktsmessig og rasjonell ressursutnyttning.

Administrerende direktør skal medverke til at det vert etablert samarbeid med kommunane i helseregionen om utvikling av samhandlingsreforma og målsetjinga om at pasientar og

brukarar får eit heilheitleg tilbod om helse- og omsorgstenester i samsvar med lova om helse- og omsorgstenester.

Administrerande direktør skal også medverke til at det vert etablert rettleiing ovafor kommunane innan ramma av «sørgje for-ansvaret», både administrativt og klinisk, slik at pasientane vert sikra heilskapelege helsetilbod. Det same gjeld i forhold til fylkeskommunale samarbeidspartar og i forhold til andre aktuelle statlige ansvarsområde.

Administrerande direktør skal medverke til at det vert etablert nødvendig samarbeid med universitet og høgskular, slik at Helse Vest RHF kan ivareta dei plikter som er nedfelt i eigen instruks om dette.

Administrerande direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar tilrettelegge for at Helse Vest RHF sikrar medverking i samsvar med § 35 i helseføretakslova, vedtektene § 14 og styrande dokument frå Helse- og omsorgsdepartementet.

#### **4.7. Kommunikasjon og openheit**

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som tilrettelegg for openheit og innsyn og som er eigna til å byggje tillit til og styrke omdømmet til verksemda. I dette arbeidet skal lova om offentlegheit og krava til meiroffentlegheit leggjast til grunn.

#### **4.8. Personal og organisasjon**

Administrerande direktør har ansvaret for at Helse Vest RHF til eikvar tid er organisert i forhold til dei samla oppgåvene og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgåvene vert ivaretekne på ein god måte.

Administrerande direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som sikrar at krava til helse, miljø og sikkerheit vert ivaretekne og at det blir tilrettelagt for eit godt arbeidsmiljø. Dette omfattar også samfunnsansvaret nevnt under pkt. 4.9.

Administrerande direktør har ansvaret for at det vert etablert organisasjonskart som klargjer rolle og ansvar til den enkelte medarbeidar, og fullmaktsstrukturar som sikrar at det er klarheit omkring fullmaktsforhold.

#### **4.9. Samfunnsansvar og etikk.**

I staten sin eigarskapspolitikk er det formulert forventningar om samfunnsansvar innafor 4 hovudområde knytt til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter, førebygging mot korrupsjon samt klima og miljø. Administrerande direktør har ansvar for korleis den samla verksemda påverkar desse områda både gjennom kjøp av varer og tenester og som direkte effekt av eiga verksemd, og må difor sørgje for at det er etablert gode rutinar og retningslinjer for å ivareta dette ansvaret.

Det er uttrykt klar forventning til at statleg eigde verksemder har etablert etiske retningslinjer som del av samfunnsansvaret sitt. Helseføretaka forvaltar sentrale velferdsgoder i samfunnet og det er viktig at leiing og tilsette har tillit i offentlegheita. Administrerande direktør har ansvar for at verksemda har etablert etiske retningslinjer som er kjende og som alle tilsette føreheld seg til.

## **5. Resultatkrav og evaluering av administrerande direktør**

Styret skal ein gong årleg gjennomføre evaluering av administrerande direktør. Styret kan etablere årlege resultatkrav til administrerande direktør. Styreleiar skal årleg ha ein leiarsamtale med administrerande direktør.